

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Avdeling for
Infrastruktur og veg (INV)

Dato	24.06.2022
Vår referanse	2022/49858-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Therese Elin Hagesæter
E-post	Therese.Elin.Stromsnes@vlfk.no
Telefon	

Førebels svar med trøng for tilleggsopplysningar - gnr. 103 bnr. 1, 7 og gnr. 104 bnr. 5 - Fjellanger - Alver kommune

Syner til brev om «førebels svar med trøng for tilleggsopplysningar – gbnr. 103/1,7 og 104/5 Fjellanger» motteke 30.05.2022, ref. 22/3117 – 22/41263.

Vi ønsker å supplere vår søknad med nedenforstående opplysninger.

1. Geologisk vurdering av risiko for ras

Arealet som er søkt arealoverført frå gnr. 104 bnr. 5 er omfatta av omsynssone for ras- og skredfare i kommunedelplan for Lindås, og at det i følgje planen går fram at ved søknad om deling skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras.

Dei tekniske bygga er oppførte av SVV, og vi antar jo at det i samband med bygginga at vart tatt faglege vurderingar i samband med fare for ras og snøskred og at dette vart avklart då, ellast kunne ikkje bygga vorte plasserte der. Dersom rasfaren er så stor, vil dette og få konsekvensar for sjølve fylkesvegen. Saka har no vert diskutert i avdelinga, og geologane våre ser på rasfaren i dette området som liten, og i alle fall utan tyding for at eigedommen får nye grenser og arealoverføres til offentleg veg. Vi meiner derfor at det ikkje er nødvendig med ei geologisk vurdering i denne søknaden.

2. Søknad om dispensasjon

I søknaden som vart sendt var det beklagelegvis ein del tilhøyrande tekst til avsnittet som ikkje vart komt med då denne vart sendt til deke. Vi håper supplering av søknaden vår tilfredstiller Alver kommune sine krav slik at søknaden kan behandlast.

Arealet ligg i gjeldande kommuneplan «Kommuneplanen 2019-2031 Lindås kommune» planid: 1263-201805 vedteken 25.11.2019. Vi søker om dispensasjon frå formålet «LNRF» i gjeldande plan.

Omsøkt areal er ein del av eit sideareal til fylkesvegen som er ferdig bygd og allereie opparbeidd og tatt i bruk til vegformål og dermed ikkje aktuelt som LNRF-område.

Det er her bygd tekniske bygg då det kom nye krav om trafikksikring av tunellar som krev at desse plasserast utanfor tunnelen.

Arealet er kjøpt og tilhører no Vestland fylkeskommune. Det er viktig og nødvendig at desse tekniske bygga ligg på offentleg veggrunn for framtidig vedlikehald og ansvar. Det er heilt klart ein større fordel enn ulempe om arealet vert ein del av den offentlege vegen.

Vi håper med dette at tilleggsinformasjonen er tilfredstillande og at søknaden kan behandlast.

Med helsing

Therese Elin Hagesæter
avd. ingeniør
INV - Grunnerverv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift